

Stemmesong for søndagsskolen.

Eigen tone.

Velkomne hit til søndagsskulestemna  
de barneflokkar ifrå kvar ei grend.  
Dei mange namn me veit kje her å nemna,  
men kvart eit barn av Frelsaren er kjend.  
Vårt Noregs framtidfolk i knupp og emning  
legg over møtelyden høgtidsstemning.

Ein Herrens arbeidsher i folkevrimlen,  
som soldogg strør i tusund barnesinn  
er søndagsskolen, med sitt bod frå Himlen.  
Ei Livsens Kruna vøn til løn han vinn,  
når her han bergar inn i Himlens løda  
vårt yngste Noreg, livsens fyrstegrøda.

Velkomen hit kvar søndagsskulelærer.  
Du trugne såmann, med ditt ljose smil.  
Gud styrke Deg, Du Kristi merkeberar.  
Din gjerning leggje han si signing til.  
Han vare Deg i all di ferd og snunad,  
til heim Du når og fær din kroningsbunad.

Når mangetonig barnesongen strøyer  
igjennom by og grend i Noregs land,  
ei skam det var, om me dei mange gløyer,  
som tendra barnehugen slik i brand,  
at Herrens lov dei glade ut kan syngja.  
Gud styrkje Dykk, når tid og år vil tyngja.

— " —  
Må under stemna kraft på ny me finna,  
so me kan ta dei stille, trugne tak.  
i kvardagsstriden nye sigrar vinna  
til døden tru, og varm for Herrens sak.  
Du Himmelbrand :Velsigna Heilag-ande,  
styr hand og fot, og løys Du tungebände.